

# HØYRINGSSVAR TIL KYRKJEORDNING FOR DEN NORSKE KYRKJA, MOSTER SOKNERÅD.

## I Innleiing

Kyrkjerådet har sendt ut eit utkast til kyrkjeordning for DnK etter at statskyrkja er slutt, og DnK er blitt eige rettssubjekt. Utkastet tyder på at ein ikkje har føreteke noko vurdering av oppbygging og ordning.

Våre merknader er å problematisera og føreslå endringar på nokre sentrale områder av prinsipiell karakter, teologisk og praktisk.

## Kapittel 1: Den norske kyrkja sitt grunnlag

Vi meiner dette kapitlet i det meste uttrykkjer på ein sær sars god måte kva det vil seia å vera ei allmenn, luthersk kyrkje i truskap mot Bibel og vedkjenning. Vår innvending her er at me ikkje fullt ut kan godta den forståinga av kyrkja og dåpen som synest å liggja til grunn i dette kapitlet. Det strir mot den lutherske lære, slik vi kjenner denne frå både oldkyrkjeleg og reformatorisk lære og tradisjon, og slik Den norske kyrkja også har slutta seg til gjennom Lima-dokumentet.

Paragraf 3 heiter «dåp og teneste». I merknadane til høyringsutkastet les vi: «Alle døpte er kalt til et liv i tro og tjeneste og er omsluttet av det kirkelige fellesskapet.» Men sjølv dokumentet med paragrafane er utan ordet «tru». I evangelisk luthersk lære er prinsippet om trua åleine heilt sentral. Paragrafen bør heite «Dåp, tru og teneste.» Så må trua takast naturleg inn i teksten. At dåpen – ved gjort gjerning – gir frelse utan trua, har ikkje haldepunkt i noko læredokument.

Lima-dokumentet om «Dåp, nattverd og embete», godkjent av Kirkenes Verdensråd 1982, seier fylgjande om dåpen: «At tro er en forutsetning for å få del i den frelsen som dåpen rommer og gir, anerkjennes i alle kirker. Personlig forpliktelse er nødvendig for å være et ansvarlig lem på Kristi legeme.» (III.8). Lima-dokumentet seier også: «*Det er nødvendig med en stadig bekræftelse av dåpen. Den klareste form for en slik bekræftelse er nattverdfeyringen.*» (IV,14, kom C).

Vår eigen dåpsliturgi forpliktar foreldre og fadrar till «*å visa omsorg for....., be for ....., læra ..... sjølv å be, og hjelpa ..... til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så ..... kan leve og veksa i den kristne trua.*»

Utan å vektleggja trua vert grunnlaget borte for å fungera som ei bekjennande, misjonerande og tenande folkekyrkje. Først når trua kjem tydeleg til uttrykk i paragraf 3, blir det reell samanheng mellom par. 3 og paragrafane 2 og 4.

## Kapittel 2: Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sin organ, medlemskap, kyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett

Kapitlet understrekar først at soknet er den geografiske og administrative ramma om kyrkjelyden. Teksten seier også at Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet er dei avgjerande styringsorgan. Soknet er grunncella i kyrkja sin struktur og oppbygging. Her føregår dei val som til sist fører til samansetjinga av bispedømeråd og kyrkjemøtet. Difor bør

det også haldast fast at soknet sin juridiske status held fram som nå, og både soknemøtet og soknerådet sin status bør understrekast. Soknet er ikkje berre geografisk og administrativ ramme, men skal ha ein tydelig rettslig status i DnK. Slik paragrafen er nå, synest det som om Kyrkjemøtet og kyrkjerådet får meir makt enn statlege myndigheiter hadde fram til slutten på statskyrkja.

### **Kapittel 3: Verksemda i soknet. Soknet sine organ og deira oppgåvefordeling m.m.**

I rettleiinga frå Kyrkjerådet og KA står det at soknerådet har eit *negativt* avgrensa mandat og fellesrådet eit *positivt* avgrensa mandat. Fellesrådet har klart definerte oppgåver, og andre oppgåver kan dei berre ta opp om dei får det i oppdrag frå sokneråda. Fellesråd og administrasjon rundt kyrkjevergen veks nokre stader sterkt, og synest også å tilta seg mandat utan forankring i sokneråda. Etter vår meining burde kyrkjelova rydda opp og justere. Soknerådet er soknet sitt juridiske organ, og fellesrådet *samarbeidsorgan for sokneråda*.

### **Kapittel 4. Kyrkjer**

Vi har ein merknad til paragraf 29 om kyrkjefond. Her bør også føyast til at fondsmidlar som høyrer til ei bestemt kyrkje, ikkje kan nyttast til føremål utanfor soknet utan at soknerådet også vert rådspurde.

### **Kapittel 5. Regionale og nasjonale kyrkjelege organ**

Her er blant anna understreka Kyrkjemøtet som øvste besluttande organ. Det som er sentralisert her er godkjenning av m a. liturgiar. Her må også kyrkjelyden sitt mandat presiserast. Soknemøtet og soknerådet kan ikkje setjast på sidelinja når det gjeld godkjenning av liturgiar til bruk i den lokale kyrkjelyden. Som alt sagt er soknet og den lokale kyrkjelyden sitt mandat for lite tydeliggjort i forslaget.

### **Kapittel 6. Forskjellige føresegner**

Kyrkjelege kontrollutval bør bli ein del av kyrkja sin ordning, og bør vurderast inn i heile kyrkja sitt liv på naturleg måte, både for bispedømmeråd og fellesråd. Kontrollutval har ein viktig overordna rolle til å gjera kyrkja sitt omdømme best mulig i det offentlege rommet, og slik to særskilte viktige oppgåver – føra formelle kontrollar – og koma med gode forslag til betringar på aktuelle område.